

Forslag til mal

Retningslinjer for reiser til lag og organisasjonar

Xxxxxx IL skal bidra til at aktivitetane som klubben driv med skal opplevast som sikre for alle medlemmer og deira føresette. Retningslinjene skal bidra til at trafikktryggleiken blir tatt hand om av og for klubben sine medlemmer. Dette gjeld både til og frå aktivitetar og når klubben er ute på reiser.

Retningslinjene tek for seg det personlege ansvaret kvart medlem/familie har, og det ansvaret klubben til ei kvar tid har for tilrettelegging av aktivitetane.

Gåande til og frå treningar, kurs og arrangement:

- Me vel fortau, gang- og sykkelveggar der det er mogleg.
- Me oppmodar alle til å bruka refleks til og frå trening.
- Ved trening utandørs i mørke skal alle bruka refleksvestar.

Syklende til og frå treningar, kurs og arrangement:

- Alle skal bruka hjelm ved sykling.
- Me vel gang- og sykkelveggar når det er mogleg.
- Me går av sykkelen ved kryssing av fotgjengarfelt.
- Me brukar refleksvest når me sykklar i mørket.
- Me har lys både framme og bak, samt signalklokke, på sykkelen når me sykklar i mørket.
- Me har gjennomført sykkelopplæring før me byrjar å sykla til og frå treningar.

Køyrande til og frå treningar, kurs og arrangement:

- Me køyrer aktpågevend og viser sunne haldningar i trafikken.
- Sjøføren passar på at køyretøyet er i forskriftsmessig stand.
- Me reknar alltid god tid på reisa.
- Sjøføren respekterer trafikkreglane og held fartsgrensene.
- Sjøføren skal alltid bruka handsfree ved bruk av telefon under køyring.
- Sjøføren passar på at alle i bilen brukar setebelte under reisa.
- Me prøver å planlegga køyringa slik at ein unngår å rygga på parkeringsområdet og stad for trening.
- Om du må rygga, ver spesielt merksam på at ingen er bak bilen.
- Sjø etter at bilen alltid står slik at passasjerar trygt kan gå ut og inn i bilen
- Lærekøyring skal ikkje skje ved køyring til trening, kurs og arrangement

Ved bruk av privatbil

1. Peik ut ein turleiar som organiserer turen og har ansvar for køyrelista.
2. Sørg for at det er nok bilar til alle passasjerane.
3. Køyretøy som blir brukt skal vera i forskriftsmessig stand.
4. Ha eit fast klokkeslett for frammøte og avreise.
5. Ha tilstrekkeleg tid på reisa.
6. Sjåførane blir oppfatta som førebilete. Hald derfor trafikkreglar og fartsgrenser.
7. Sjåførane skal ha hatt sertifikat for bil samanhengande i minst 3 år.
8. Sjåføren har ansvar for at setebelte blir brukt under reisa.
9. Hugs at lause gjenstandar i bilen er farlege ved bråstopp.
10. Hugs å leggja inn stopp og pausar på lange reiser.

Reise til og frå konkurransar og bruk av innleigd buss:

Krav til transportselskap og sjåfør

- Bussen skal ha trepunkts setebelte.
- Det skal vera minst mogleg laust utstyr i bussen, og bagasje skal vera sikra.
- Sjåføren skal alltid bruka handsfree ved bruk av telefon under køyring.
- Reiseleiar kjenner til krav nemnt ovanfor sjåfør og busselskap.
- Reiseleiar passer på at alle sit fastspent under reisa.
- Reiseleiar ser til å stoppa undervegs.
- Reiseleiar ser til at alle viser tryggleik når ein stig av og på bussen.
- Reiseleiar og sjåføren si rettleiing skal følgast under heile turen.
- Finn egna plass i god avstand til veggen der det er lov å parkera.

Til vurdering ved bruk av buss. Leiga eller eiga?

- Leige av buss gjennom busselskap sikrar god teknisk stand og erfarne sjåførar.
- Bruk av eigen eldre buss krev mykje vedlikehald og tilsyn.
- Bruk av minibuss krev også erfarne og faste sjåførar.

Ved større arrangement

- Xxxxxxx IL stiller med egne parkeringsvakter med refleksvest.
- Parkeringsvaktene dirigerer og passar på trygg ferdsel på arrangementsstaden.
- Parkeringsvaktene skal også sikra lett tilkomst for utrykkingskøyretøy.

På vegne av styret i Xxxx IL

Med vennleg helsing,



Ola Nordmann
Leiar